



Jo-Harald Færø
Bjørge 278
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/678 - 19/31553

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2019

Ferdigattest bustad, garasje og tilkomstveg - gbnr 239/11 Eknes ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 600/19

Tiltakshavar: Jo-Harald Færø
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Amund Nordland
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.07.2016 og 06.10.2016 (rammeløyver) og 31.03.2017 (rammeløyve for veg). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.10.2019.

Skildring

Adresse:	Brevika 8
Bygningstiltak:	Einebustad og garasje
Bygningsnummer:	300573467(einebustad) og 300573474(garasje)
Bruksareal:	202m ² og 97m ²
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad og garasje på gbnr 239/11 og ny tilkomstveg til eigedom med gbnr 239/11.

Bygningene må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/678

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitekt Amund Nordland	Øvre	5018	BERGEN
	Korskirkesmug 2 B		
Jo-Harald Færø	Bjørge 278	5993	OSTEREIDET
Mette Jersin Ansnes	Bjørge 278	5993	OSTEREIDET